



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 21.11.2017  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 172/17, OS 173/17, OS 174/17, OS 171/17
Per Heltne	Planleggar, PS 194/17, PS 195/17 og PS 199/17
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, OS 171/17
Svein Berg-Rusten	Kst. helse og omsorgssjef, OS 171/17
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef, OS 171/17



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 192/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 193/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 172/17	<b>Opparbeiding av sambindingsveg ved Håmyra bustadfelt</b>
OS 173/17	<b>Rehabilitering av samfunnshuset</b>
OS 174/17	<b>Gatelys - utskifting av lysarmatur</b>
PS 194/17	<b>PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne -utlegging til offentlig ettersyn</b>
PS 195/17	<b>Planid 2016009. Detaljreguleringsplan for gbr 18/1 - Kapteinsvegen 12 - slutthandsaming av plan</b>
PS 199/17	<b>Planid 1519-2017002 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplussen gbr 19/807- offentlig ettersyn. PBL §12-10</b>
PS 200/17	<b>Stiftelsen Varmtvassbassenget – Bankgaranti</b>
PS 196/17	<b>Festeavtale med Opplysningsvesenets fond Gbr. 29/1/2</b>
PS 197/17	<b>Møteplan for politiske møte 2018</b>
PS 198/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 171/17	<b>Arbeidsmøte - Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021</b>

**PS 192/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Handsaming:**

Innkalling:

Ettersendte saker måndag 20.11.2017:

- Stiftelsen Varmtvassbassenget – Bankgaranti.
- Planid 1519-2017002 – Plan for Volda Campus Arena – idrettshall på Joplussen gbr 19/807 – offentlig ettersyn. Pbl § 12-10.



## VOLDA KOMMUNE

### Dokument delt ut i møtet:

- Vedlegg til PS 200/17: *Søknad om bankgaranti*, datert 30.10.2017.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### Sakliste:

Ordføreren kom med framlegg om at dei ettersendte sakene vert sett på saklista.

Ordføreren kom med framlegg om at grunnarbeid av sambindingsveg ved Håmyra vert sett på saklista, og at saka vert handsama under lukka møte, jf. kl. § 31, nr. 5.

Ordføreren informerte om at Stian Bjerkvik ved Volda læresenter og spesialrådgjevar innvandring og integrering Nina Kvalen vil orientere under handsaming av OS 171/17, Arbeidsmøte – Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021.

Gunnar Strøm og Margrete Bjerkvik bad om ei orientering om status for rehabilitering av Volda samfunnshus.

Odd Harald Sundal bad om ei orientering om manglande gatelys.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføreren, Gunnar Strøm, Margrete Bjerkvik og Odd Harald Sundal vart samrøystes godkjent.

### **PS 193/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 14.11.2017 vart samrøystes godkjent.

### **OS 172/17 Opparbeiding av sambindingsveg ved Håmyra bustadfelt**

#### **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om arbeidet med sambindingsveg ved Håmyra byggefelt.

Ordføreren kom med framlegg om å lukke møtet, med heimel i kl. § 31 nr. 5.



## VOLDA KOMMUNE

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Teknisk sjef Rune Totland informerte om arbeid ved opparbeiding av sambindingsveg ved Håmyra byggefelt.

Det vart samrøystes vedteke å opne møtet, jf. kl. § 31 nr. 5.

### **OS 173/17 Rehabilitering av samfunnshuset**

#### **Handsaming:**

Teknisk sjef Rune Totland informerte om status for rehabilitering av Volda samfunnshus.

### **OS 174/17 Gatelys - utskifting av lysarmatur**

#### **Handsaming:**

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om defekte gatelys. Teknisk sjef Rune Totland informerte om arbeid kring utskifting av lyspunkt til LED-lys. Dette arbeidet vert prioritert framfor reparasjon av gamle lysarmatur.

### **PS 194/17 PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne -utlegging til offentlig ettersyn**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Framlegg til detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner datert 12.10.2017, vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*
- 2. Føresegnene pkt 6.4 b, nr 5. vert tilrådd endra slik før utlegging:  
(Utomhusplan skal vise-)  
5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.*

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



**Vedtak i formannskapet - 21.11.2017:**

1. *Framlegg til detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner datert 12.10.2017, vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*
2. *Føresegnene pkt 6.4 b, nr 5. vert tilrådd endra slik før utlegging:  
(Utomhusplan skal vise-)  
5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.*

**PS 195/17 Planid 2016009. Detaljreguleringsplan for gbr 18/1 - Kapteinsvegen 12 - slutthandsaming av plan**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Detaljreguleringsplan for gnr 18 bnr 442-Kapteinvegen 12, slik det går fram av planomtale, plankart og tilhøyrande utomhusplan, sist datert 4.07.2017, og føresegner sist datert 20.10.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, § 12-12.*

**Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 21.11.2017 til kommunestyret:**

*Detaljreguleringsplan for gnr 18 bnr 442-Kapteinvegen 12, slik det går fram av planomtale, plankart og tilhøyrande utomhusplan, sist datert 4.07.2017, og føresegner sist datert 20.10.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, § 12-12.*

**PS 199/17 Planid 1519-2017002 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807- offentleg ettersyn. PBL §12-10**

**Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Detaljreguleringsplan Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplussen slik det går fram av plankart datert 5.10.2017, og reguleringsføresegner datert 16.11.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.*

### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt 20.11.2017.

Sakshandsamar Per Heltne orienterte.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 21.11.2017:**

*Detaljreguleringsplan Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplussen slik det går fram av plankart datert 5.10.2017, og reguleringsføresegner datert 16.11.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.*

### **PS 200/17 Stiftelsen Varmtvassbassenget - Bankgaranti**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune garanterer ved simpel kausjon for lån på opp til kr. 180 000 til Stiftelsen Varmtvassbassenget til investering i UV-anlegg.*

*Garantien gjeld lånet sin hovudstol på maksimum kr. 180 000.*

### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt 20.11.2017.

Vedlegg: *Søknad om bankgaranti*, datert 30.10.2017, vart delt ut på møtet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om habilitet, ho er varamedlem til styret i Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.



## VOLDA KOMMUNE

Røysting habilitet:

Margrete Bjerkvik vart samrøystes kjent inhabil.

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet, ho er leigetakar av Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent habil og ho tok sete.

**Røysting** (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 21.11.2017 til kommunestyret:**

*Volda kommune garanterer ved simpel kausjon for lån på opp til kr. 180 000 til Stiftelsen Varmtvassbassenget til investering i UV-anlegg.*

*Garantien gjeld lånet sin hovudstol på maksimum kr. 180 000.*

Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik tok sete.

**PS 196/17 Festeavtale med Opplysningsvesenets fond Gbr. 29/1/2**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune ynskjer ikkje å inngå ny festekontrakt på Gbr. 29/1/2 på dei vilkår som går fram av framlegget til festekontrakt frå Opplysningsvesenets fond.*

*Volda kommune har ikkje noko å merke til at Coop Vest Eigedom AS trer inn som festetakar på Gbr. 29/1/2 i staden for Volda kommune.*

**Handsaming:**

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 21.11.2017:

*Volda kommune ynskjer ikkje å inngå ny festekontrakt på Gbr. 29/1/2 på dei vilkår som går fram av framlegget til festekontrakt frå Opplysningsvesenets fond.*

*Volda kommune har ikkje noko å merke til at Coop Vest Eigedom AS trer inn som festetakar på Gbr. 29/1/2 i staden for Volda kommune.*

PS 197/17 Møteplan for politiske møte 2018

Administrasjonen si tilråding:

1. *Møteplan for 2018 for formannskap og kommunestyre vert godkjent:*

	Formannskapet	Kommunestyret
Januar	16. og 30.	25.
Februar	13. og 27.	
Mars	13.	1. og 22.
April	4. og 17.	26.
Mai	8. og 22.	31.
Juni	5. og 26.	21.
Juli		
August	21.	30.
September	4. og 18.	27.
Oktober	2., 16. og 30.	
November	13., 20. og 27.	8. (presentasjon budsjett) og 29.
Desember	4.	13.

2. *Møteplan for tenesteval for helse og omsorg, tenesteval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent.*

	THO	TOK	FORV	ELDRE	FUNK
Januar	11.	10.	9.		
Februar	15.	14.	6.	12.	12.
Mars	8.	7.	6.		
April	12.	11.	10.		
Mai	16.	16.	15.	7.	7.
Juni	14.	13.	12.		





## VOLDA KOMMUNE

<b>Juli</b>					
<b>August</b>	<b>23.</b>	<b>22.</b>	<b>21.</b>		
<b>September</b>	<b>13.</b>	<b>12.</b>	<b>11.</b>	<b>10.</b>	<b>10.</b>
<b>Oktober</b>	<b>18.</b>	<b>17.</b>	<b>16.</b>		
<b>November</b>	<b>22.</b>	<b>21.</b>	<b>6. og 20.</b>	<b>19.</b>	<b>19.</b>
<b>Desember</b>	<b>12.</b>	<b>12.</b>	<b>11.</b>		

### 3. Utvala har følgjande møtestart:

- Formannskapet kl. 12.00
- Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 13. desember kl. 10.00)
- Tenesteval for helse- og omsorg kl. 13.00
- Tenesteval for oppvekst og kultur kl. 13.00
- Forvaltningsutvalet kl. 13.00
- Eldrerådet kl. 10.00
- Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00

### Handsaming:

### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### Tilråding i formannskapet - 21.11.2017 til kommunestyret:

#### 1. Møteplan for 2018 for formannskap og kommunestyre vert godkjent:

	<b>Formannskapet</b>	<b>Kommunestyret</b>
<b>Januar</b>	<b>16. og 30.</b>	<b>25.</b>
<b>Februar</b>	<b>13. og 27.</b>	
<b>Mars</b>	<b>13.</b>	<b>1. og 22.</b>
<b>April</b>	<b>4. og 17.</b>	<b>26.</b>
<b>Mai</b>	<b>8. og 22.</b>	<b>31.</b>
<b>Juni</b>	<b>5. og 26.</b>	<b>21.</b>
<b>Juli</b>		
<b>August</b>	<b>21.</b>	<b>30.</b>
<b>September</b>	<b>4. og 18.</b>	<b>27.</b>
<b>Oktober</b>	<b>2., 16. og 30.</b>	
<b>November</b>	<b>13., 20. og 27.</b>	<b>8. (presentasjon budsjett) og 29.</b>
<b>Desember</b>	<b>4.</b>	<b>13.</b>



## VOLDA KOMMUNE

2. *Møteplan for tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent.*

	THO	TOK	FORV	ELDRE	FUNK
<b>Januar</b>	11.	10.	9.		
<b>Februar</b>	15.	14.	6.	12.	12.
<b>Mars</b>	8.	7.	6.		
<b>April</b>	12.	11.	10.		
<b>Mai</b>	16.	16.	15.	7.	7.
<b>Juni</b>	14.	13.	12.		
<b>Juli</b>					
<b>August</b>	23.	22.	21.		
<b>September</b>	13.	12.	11.	10.	10.
<b>Oktober</b>	18.	17.	16.		
<b>November</b>	22.	21.	6. og 20.	19.	19.
<b>Desember</b>	12.	12.	11.		

3. **Utvala har følgjande møtestart:**

- *Formannskapet kl. 12.00*
- *Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 13. desember kl. 10.00)*
- *Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00*
- *Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00*
- *Forvaltningsutvalet kl. 13.00*
- *Eldrerådet kl. 10.00*
- *Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00*

### PS 198/17 Orienteringssaker

### OS 171/17 Arbeidsmøte - Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Rektor ved Volda læringscenter Stian Bjerkvik og spesialrådgjevar innvandring og integrering Nina Kvalen orienterte om Volda læringscenter og ulike kvalifiseringstiltak.

Oppvekstsjef, økonomisjef, kst. helse- og omsorgssjef og teknisk sjef møtte.

Formannskapet bladde gjennom Årsbudsjettet 2018 og økonomiplan 2018-2021, og kom med spørsmål til administrasjonen.



# VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 16:55

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
22.11.2017

Sonja Håvik  
konsulent